

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: HS/ IN

Dato: 17.09.2019

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 02 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021

Stad: Telefonmøte
Tidspunkt: Måndag 16. september 2019, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 08 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 09 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 01 19-21 frå HKK

RAPPORTERING

SAK 10 19-21 Rekneskapsrapport pr. 27.08.2019

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 11 19-21 Refusjon/ sponning til utøvarar
SAK 12 19-21 Aktivitetsplan sesongen 2019-2020
SAK 13 19-21 Terminliste 2019-2020
SAK 14 19-21 Status anleggsprosessar
SAK 15 19-21 Sakliste til Haustmøtet 26. oktober 2019
SAK 16 19-21 Handlingsplan 2019-2021
SAK 17 19-21 NSF sitt Haustmøte

EVENTUELT

TIL STADES: Henning Sæthre, Jan Inge Årdal, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Johnny Seljeset

MERKNADER: Jon Ove Lomheim deltok i sak 10-16.
Lars Kveen deltok i sak 08-14 og sak 17.

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 08 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Bakgrunn
Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 09 19-21

Godkjenning av protokoll nr. 01 19-21 frå HKK

Bakgrunn

Vedlagt er protokoll nr. 01 19-21 frå hopp- og kombinertkomiteen. Protokollen er godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner protokoll nr. 01 19-21.

RAPPORTERING

SAK 10 19-21

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2019

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 27.08.2019 er vedlagt. Rapporten vert presentert i møtet.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 11 19-21

Refusjon/ sponing til utøvarar

Bakgrunn

I samband med Vår møtet 25. mai 2019 vart retningslinjer for refusjon i hopp- og kombinertkomiteen vedteke.

I møte nr. 01 19-21 gjorde komiteen følgjande vedtak i sak 05:

Hopp- og kombinertkomiteen dekker deltakaravgift i NSF si storsamlinga i Oslo. Elles dekker HKK rimeleg refusjon for overnatting/ reise til sommarcup og treningssamlingar utanfor fylket i oppsett i aktivitetsplan.

HKK vil på Haustmøtet revidere budsjett der ein brukar eigenkapital til rekruttering, utstyr og eventuelt styrking av reisebudsjett til samlingar utanfor fylket.

Komiteen drøfta saka i møtet.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om å ta saka opp igjen på Haustmøtet 26. oktober 2019 under sak om økonomi.

SAK 12 19-21

Aktivitetsplan sesongen 2019-2020

Bakgrunn

Komiteen har utarbeida aktivitetsplan for perioden vår-haust 2019, som vart gjennomgått i møte nr. 01 19-21 i komiteen. Denne blir oppdatert med datoar etter kvart dei vert fastsett.

Planen finn ein på skikrinsen sine nettsider på denne lenka:

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/hopp-og-kombinert/aktivitetsplan/>

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om at aktuelle utøvarar deltek på samlingar til andre skikretsar.

I tillegg undersøker komiteen kva moglegheiter Anders Fannemel har til å bidra på samlingar i fylket i haust/ vinter.

Jon Ove Lomheim oppdaterer aktivitetsplanen etter drøftingar i møtet.

Adm. deler informasjon om NSF's Raw Air Ungdomssamlingar (12-16 år) i Midtstua 28. og 29. september og Knyken 12. og 13. oktober. I Knyken har Hedmark Skikrets samling parallelt for hopp- og kombinertutøvarar i alle aldrar.

SAK 13 19-21

Terminliste 2019-2020

Bakgrunn

Viser til vedtak i Sak 53 17-19;

Komiteen gjer vedtak om å oppnemne Jon Ove Lomheim som terminliste-ansvarleg.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om at terminlisteansvarleg lagar til eit utkast på terminliste til Haustmøtet 26. oktober 2019.

Utkastet vert sendt ut på førehand til komiteen.

SAK 14 19-21

Status anleggsprosessar

Bakgrunn

Det vart orientert om følgjande anleggsprosessar i møtet:

1. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Hafstadparken i Førde (K10).
 - Status pr. 16.08.2019:
 - Førde kommune har sagt førebels nei for bygging av hoppbakken i Hafstadparken, grunna usikkerheit med plassering av fotballbane i same område.
 - Kommunen har gått inn med midlar som er betalt produsent SIMEK.
 - Nils Olav Kongsvik har sett ut eit godt eigna område i Vieåsen. Grendalaget der er positive, men Førde IL seier nei. Dei ynskjer bakken i Hafstadparken og meiner ein må avvente vidare prosess.
 - Oppfølging: Nils Olav Kongsvik har teke ansvar for prosessen.
2. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Stryn sentrum (K8).
 - Status: I planleggingsfasen.
 - Oppfølging: Lars Kveen

3. Etablering av hoppbakkar ved Sogn skisenter.
 - Status: I planleggingsfasen. Bygging står på vent grunna manglande grunneigaravtale.
 - Oppfølging: Jon Ove Lomheim
4. Etablering av heilårs rekrutteringsbakkar i Sogndal sentrum.
 - Status: Jon Ove Lomheim har vore i kontakt med Sogndal IL v/ Tonje N. Tangerud om etablering av rekrutteringsbakkar i Sogndal sentrum, Fosshaugane Campus.
 - Oppfølging: Jon Ove Lomheim

Komiteen diskutert også etablering av fleire heilårs rekrutteringsbakkar i fylket.

I tillegg har anleggsansvarleg i komiteen, Lars Kveen, og adm. satt i gong prosess for korleis ein kan møte utfordringane med Bjørkelibakkane. Adm. følgjer saka opp med Lars Kveen.

VEDTAK

Komiteen tek saka til orientering.

SAK 15 19-21

Sakliste til Haustmøtet 26. oktober 2019

Bakgrunn

Skikrinsstyret har gjort vedtak om at Haustmøtet 2019 skal avviklast 26. oktober på Sandane på Idrettens Møteplass.

Lenke til informasjon om Haustmøtet 2019;

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2019/9/haustmotet-2019/>

Rammeprogram:

Kl. 09.30-10.00	Registrering
Kl. 10.00	Fellesforedrag
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins; - fellesdel kl. 13.00-13.45 - greinvis møte kl. 13.45-16.00 - alpint - hopp og kombinert - langrenn

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om følgjande sakliste til Haustmøtet 26. oktober 2019:

- Orientering frå Haustmøtet i NSF
- Handlingsplan 2019-2021
- Terminliste 2019-2020
- Status anleggsprosessar
- Økonomi

I tillegg vil adm. førespørje Anders Fannemel om å komme til Haustmøtet for eit innlegg på fellesdelen til skikrinsen.

SAK 16 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om å drøfte tiltaka i handlingsplanen, samt avklarar vidare ansvarsfordeling, på Haustmøtet 26. oktober 2019.

SAK 17 19-21

NSF sitt Haustmøte

Bakgrunn

18.-19. oktober 2019 vert NSF sitt Fagmøte Hopp avhalde på Gardermoen i samband med NSF sitt Arrangør- og anleggsseminaret/ Haustmøte.

Rammeprogram for Fagmøte Hopp finn ein via denne lenka:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/arrangor-anlegg2019/program/>

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer vedtak om at Lars Kveen representerer komiteen på NSF sitt Fagmøte Hopp.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Henning Sæthre (s)
Leiar HKK

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 09 19-21 Godkjenning av protokoll nr. 01 19-21 frå HKK

Hopp- og kombinertkomiteen@

Sakshand.: HS/ IN/ JOL Dato: 12.06.2019

Arkivk.: hkk/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 01 I HOPP- OG KOMB. KOMITEEN, 2019-2021

Stad: Telefonmøte
Tidspunkt: Onsdag 12. juni 2019, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 02 19-21 Konstituering av hopp- og kombinertkomiteen 2019-2021

SAK 03 19-21 Handlingsplan 2019-2021

SAK 04 19-21 Aktivitetsplan sesongen 2019-2020

SAK 05 19-21 Refusjon og økonomi i hopp- og kombinertkomiteen

SAK 06 19-21 Saker til NSF sitt Vårmøte

RAPPORTERING

SAK 07 19-21 Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019

EVENTUELT

TIL STADES: Henning Sæthre, Jon Ove Lomheim, Lars Kveen, Lars Brekke, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL: Johnny Seljeset

MERKNADER: Ingrid Narum (adm.) deltok i møtet på sak 05 og 07.

REFERENT: Jon Ove Lomheim

REFERATSAKER

SAK 01 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 02 19-21

Konstituering av hopp- og kombinertkomiteen 2019-2021 Bakgrunn

Arbeidsfordeling og val til følgende funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem til anleggskomiteen
- Økonomi ansvarleg
- Sponsor ansvarleg
- Utdanning/ utvikling ansvarleg (Henning Sæthre)
- Terminlisteansvarleg Jon Ove Lomheim
- Dommarkontakt Lars Brekke

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen gjer følgende vedtak i saka:

- Nestleiar: Jan Inge Årdal
- Medlem til anleggskomiteen: Lars Kveen
- Økonomi ansvarleg: Jan Inge Årdal
- Sponsor ansvarleg: Henning Sæthre
- Utdanning/ utvikling ansvarleg: Johnny Seljeset (Henning Sæthre)
- Terminlisteansvarleg: Jon Ove Lomheim
- Dommarkontakt: Lars Brekke

SAK 03 19-21

Handlingsplan 2019-2021

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2019-2021 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2019.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta hopp- og kombinertkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følge opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

SAK 04 19-21

Aktivitetsplan sesongen 2019-2020

Bakgrunn

Komiteen har utarbeida aktivitetsplan for perioden vår-haust 2019, som vart gjennomgått på Vår møtet 25. mai 2019.

Planen finn ein på skikrinsen sine nettsider på denne lenka:

<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/hopp-og-kombinert/aktivitetsplan/>

VEDTAK

Dato for sommarcup Vikersund m.fl 22.-25.08.2019 innførast i aktivitetsplan. Elles oppdaterast planen med datoar etter kvart det vert fastsett.

SAK 05 19-21

Refusjon og økonomi i hopp- og kombinertkomiteen

Bakgrunn

I samband med Vår møtet 25. mai 2019 vart retningslinjer for refusjon i hopp- og kombinertkomiteen vedteke.

Retningslinjene finn ein vedlagt.

Komiteen avklarar i møtet kva aktivitetar som skal dekkast, til kven og kor mykje.

I tillegg ser komiteen nærare på disponering (fordeling) og prioritering av budsjettet til komiteen.

Budsjett for 2019 finn ein vedlagt.

VEDTAK

Hopp- og kombinertkomiteen dekker deltakaravgift i NSF si storsamlinga i Oslo. Elles dekker HKK rimeleg refusjon for overnatting/ reise til sommarcup og treningssamlingar utanfor fylket i oppsett i aktivitetsplan.

HKK vil på Haustmøtet revidere budsjett der ein brukar eigenkapital til rekruttering, utstyr og eventuelt styrking av reisebudsjett til samlingar utanfor fylket.

SAK 06 19-21

Saker NSF sitt Vår møte

Bakgrunn

14.-15. juni vert NSF sitt Vår møte Hopp avhalde på Gardermoen.

Komiteen drøftar saker til Vår møtet.

Rammeprogram for Vår møtet finn ein via denne lenka:

<https://www.skiforbundet.no/norges-skiforbund/moter-og-samlinger/varmote-2019/>

VEDTAK

Lars Kveen deltek og tek med innspela i møtet frå komiteen.

RAPPORTERING

SAK 07 19-21

Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.05.2019 er vedlagt.

Rapporten vert presentert i møtet.



VEDTAK

Administrasjon sjekkar forsikring. Elles tek HKK rekneskapsrapport til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Henning Sæthre (s)
Leiar HKK

Jon Ove Lomheim (s)
Referent